

## Interpellasjon nr 2 21.juni 2018

### Ordførar

#### Lærlingar/ rekruttering

Lindås kommune er ein av dei største lærebedriftene i regionen, spesielt innan helsefag. I 2016 vedtok eit samråystes kommunestyre å auka antallet med 10 lærlinger.

Lindås Høgre er svært glad for at me kan tilby ungdommane våre eit antall læreplasser og sjølvsagt er dette også viktig for kommunen med hensyn på rekruttering.

I det siste har Lindås Høgre motteke meldingar frå bekymra nyutdanna lærlinger og også foreldre som fortel om at dei ikkje får tilbud om jobb i Lindås kommune etter endt læretid. Det er sjølvsagt ikkje slik at ein har automatisk rett på stilling når ein har vore lærling i ei bedrift, men på den andre sida er det ei utfordring at lærlingene «våre» heller vert rekruttert til andre kommunar, både i offentleg og privat sektor.

#### Spørsmål

1. Kor mange lærlingar kan Lindås kommune ha, jfr vedtak i KO 2?
2. Kor mange lærlingar er i lærlingeløpet pr i dag?
3. I kva fag er Lindås kommune godkjent som lærebedrift?
4. Og korleis er lærlingene fordelt på desse faga?
5. Kor mange lærlingar har fått tilbod om jobb, både heiltid og deltid, etter endt læretid dei siste to åra?
6. Kor mange har ikkje fått tilbod om jobb etter endt læretid dei to siste åra?
7. Kva tiltak kan gjerast for å kunna tilby fleire nyutdanna lærlingar jobb i Lindås kommune?

Ingrid Fjeldsbø

Høgre